

Årsmelding 2017 for Alversund kammerkor

Styret 2017

Leiar:	Ragnhild Øverland Arnesen
Nestleiar:	Knut G. Johannessen
Kasserar:	(Helge Øgaard)
Styremedlemer:	Christa S. Skanding og Bjørg Antoniazzi
Varamedlemer:	Trygve Skanding og Helga Stokke

Dirigent Odd Leif Mjøs og begge varamedlemene har møtt på styremøta. Helge Øgaard er ute av styret, men har teke på seg den praktiske delen av kasserarfunksjonen. Dette har fungert svært bra. Trygve Skanding gjekk ut av koret, og styret, i november.

Styremøte

Sidan siste årsmøtet har styret hatt 10 ordinære styremøte.

Aktivitetar:

Konsertar

2017 har igjen vore eit særst aktivt år for koret.

To store prosjekt har vi klart å gjennomføra i 2017. Det fyrste var Mozarts Requiem, framført søndag 2. april med solistar: Melissa Baug, sopran, Mari Askvik, alt, Harald Bjørkøy, tenor og Knut Andreas Grove, bass, og med eit orkester på 20 muskarar, i hovudsak frå Bergen filharmoniske orkester, med Gunvor Holtlien som konsertmeister.

Det andre store prosjektet, Händels Messias, var den store julekonserten i fjor, gjennomført litt tidlegare enn vanleg, 26. november. Vi satsa denne gongen på eit heilt nytt orkester, sett saman av unge, profesjonelle utøvarar, fleire av dei frå det prisvinnande kammerorkesteret Ensemble Allegria. Konsertmeister var Maria Eikefet, som er frå Alversund. Solistar: Melissa Baug, sopran, Jeanette Ekornåsvåg Goldstein, alt, Harald Bjørkøy, tenor og Thomas Røshol, bass.

Begge konsertane samla så å seie fullt hus og begge fekk storveies og solid omtale i lokalavisene.

Tysdag 30. mai inviterte vi til Sommarsong med allsong frå salmeboka og med musikalske gjester. Fleire enn vi hadde venta, kom og tok del i songen. Dette var eit arrangement som var vellukka, utan at det kosta oss stort.